

# Til Jostein

*(Til Jostein Ullahammer frå barndomsheimen)*

Eit samliv - det er i kjærleik  
å byggja sitt eige bu,  
å trivast i kvarandres nærleik  
og trygt på kvarandre tru.

Eit samliv - det er å yta  
sitt beste for heim og viv,  
med omhug å saman knyta  
dei dagar som vert eit liv.

Eit samliv - det er å møte  
med fatning ei motgangstid,  
med viljestyrke å bøta  
dei brestar eit liv kan gi.

Ein ung skal or heimen flutte  
ein høgreist og vakker gut,  
det vert så audsleg der ute -  
når ungdomen flytter ut.

No gror det bjarte blomar  
i barndomens fotefar.  
Hugs alltid i manndoms sommar  
den vårdag som eingong var.

*Tekst: Johan Bernt Ulla*